

Midt Telemark Kommune
Bøgata 67
3800 BØ I TELEMAR

Vår dato: 20.05.2022

Vår ref.: 202206391-3 Oppgi ved kontakt

Dykkar ref.: 22/195-8

Sakshandsamar: Astrid Flatøy,
asfl@nve.no, 22959768

NVEs innspel - Varsel om oppstart samt offentlig ettersyn av planprogram - Kommunedelplan for Lifjell 2023-2033 - Midt-Telemark kommune

Vi viser til brev datert 21.3.2022. Saka gjeld varsel om oppstart av arbeid med kommunedelplan for Lifjell, og planprogram til offentlig ettersyn.

Hovudføremålet med planarbeidet er ei full revidering av eksisterande kommunedelplan for Lifjell. NVE meiner at det er positivt at planprogrammet har fokus på omsyn til naturfare, klimaendringar og beredskap og tryggleik.

Om NVE

Noregs vassdrags- og energidirektorat (NVE) er nasjonalt sektormyndede med motsegnkompetanse innanfor saksområda flaum-, erosjon- og skredfare, allmenne interesser i vassdrag og grunnvatn, og anlegg for energiproduksjon og framføring av elektrisk kraft. NVE har også ansvar for å hjelpe kommunane med å forebygge skader frå overvatn gjennom kunnskap om avrenning i tettbygde strøk (urbanhydrologi). NVE gir råd og rettleiing om korleis desse saksområda skal takast omsyn til ved utarbeiding av arealplanar etter plan- og bygningslova (pbl.).

Klimaendringar

I planprogrammet har de fokus på at klimaendringar fører til auka fare for flaum og skred, og at kommunedelplanen må ta høgde for dette. De skal legge klimaprofil for Telemark til grunn for planarbeidet. Vidare skal oppdatert kunnskap om økosystem si tyding for klimatilpassing, til dømes funksjonar av myr, blir lagd til grunn for planarbeidet.

NVE gir kommunen råd om å gjere FN sine berekraftsmål til ein del av planarbeidet. Regjeringa forventar, både i [Nasjonale forventningar til regional og kommunal planlegging 2019–2023](#) og i [Statlige planretningslinjer for klima- og energiplanlegging og klimatilpassing](#), at kommunane legg dei høye utslippsalternativa frå nasjonale klimautgreiingar til grunn for sin arealplanlegging.



Skred- og flaumfare

For skred i bratt terreng vil aktsemdkart i NVE Atlas vera utgangspunktet for avgrensing av fareområde. I praksis vil truleg aktsemdkartet for snøskred vise yttergrense for alle skredtyper.

Vi rår til at siste versjon av aktsemdkart for flaum blir lagt til grunn for å fastsette omsynssone flaum i kommuneplanens arealdel. Detaljeringsgraden i kartet er tilpassa kommuneplannivået, og er egna til bruk som eit første vurderingsgrunnlag i KU og/eller ROS-analyser knytt til kommuneplanen. Sjå meir informasjon på nettsida vår om [aktsemdkart for flaum](#). Datasettet er tilgjengeleg i NVE Atlas.

Aktsemdområda er som tidlegare analysert ut frå ein estimert vasstandstigning i norske elvar. Nytt i denne versjonen er at det langs elver i aktsemdkartet er inkludert eit område på minimum 20 m frå kant av elv. Konstruksjonar som t.d. bru og kulvert, kan føre til at vasstanden blir heva, og oppstuvinga oppstraums kan bli stor. Slike hydrauliske forhold er ikkje tatt omsyn til, og aktsemdkartet kan difor vise for liten flaum i slike tilfelle.

Dersom reell fare ikkje er avklart, er det viktig å nytte aktsemdområda til å avgrense omsynssoner og sette krav om reguleringsplan før de kan gi løyve til tiltak. Det er eit viktig prinsipp å avklare reell naturfare på siste plannivå, jf. H5/18 [«Samfunnsikkerhet i planlegging og saksbehandling»](#).

I planprogrammet står det at de skal integrere omsyn til klimaendringar i all fysisk planlegging, kartlegge risiko for flaum og skred, sikre og vidareutvikle blågrøne strukturar som kan handtere ekstremnedbør. Alle desse tiltaka er viktige i arbeidet med beredskap og tryggleik.

Overvatn

NVE har i år publisert NVE rettleiar 4/2022 [«Rettleiar for handtering av overvatn i arealplanar»](#). Rettleiaren er laga for å støtte kommunane med å førebygge skade frå overvatn gjennom arealplanlegging etter plan- og bygningslova. I rettleiaren finn de råd om at de må ta stilling til akseptabel risiko for overvasskader. De finn også råd om korleis de kan kartlegge fare for skade frå overvatn, og korleis de kan innarbeide omsynet til overvatn i plankart og føresegner.

Det er positivt at det i kommunedelplanen skal bli stilt krav til at handtering av overvatn og handtering av ekstremnedbør, og at kartlegging flaumveger i utbyggingsområde må vurderast i planarbeidet og bli synleg i føresegnene.

Vassdrag

Vi ser positivt på at de i dei vedtekne arealstrategiane legg opp til å ta i vare viktige naturtypar og artsmangfaldet. Det er viktig å sikre vassdrag, kringliggende kantsoner, og myrområde.



NVE oppmodar dykk til å legge opp til ein arealbruk som i minst mogleg grad fører til inngrep i vassdrag. Dersom slike inngrep ikkje er til å unngå, må de gjere greie for kva inngrep planen legg opp til, og i KU gjere greie for om tiltaket påverkar ålmenne interesser i vassdraget. Som døme på ålmenne interesser kan nemnast fiskens frie gong, ålmenn ferdsel, naturvern, biologisk mangfald, vitskapleg interesse, kultur og landskapsomsyn, jordvern, omsyn til flaum og skred osb.

Alle vassdrag bør merkast tydeleg i plankartet. For å gi god oversikt og sikre god styring med vassdrag og vassdragsnære areal, rår NVE til at kommunen nyttar arealbrukskategorien *Bruk og vern av sjø og vassdrag*, jf. pbl. § 11-7 nr.6, til å merke alle vatn, elvar og bekkar.

Verna vassdrag

Vassdragsobjektet [Lifjellområdet](#) er verna mot kraftutbygging. Rikspolitiske retningslinjer for verna vassdrag og vernegrnlaget skal leggest til grunn i planarbeidet. Retningslinene gjeld hovudelv, sideelvar, større bekkar, sjø og tjern og eit område på inntil 100 m breidd på sidene av desse. De må legge opp til ein arealbruk som ikkje reduserer verneverdiane knytt til vassdraget. I konsekvensutgreiinga bør det gå fram som eige vurderingstema korleis nye planlagde tiltak påverkar verneverdiane i vassdraget.

Vassdrags- og energianlegg

Det er fleire sentral og regionalnettanlegg som kryssar planområdet. Slike større kraftleidningar som krev konsesjon etter energilova er unnateke frå pbl., jf. § 1-3. Eksisterande og vedtekte større høgspenningsanlegg og transformatorstasjonar skal avsettast som omsynssoner i plankartet (pbl. § 11-8 d/H740)).

Mindre kraftleidningsanlegg innanfor områdekonsesjonane fell innanfor verkeområdet til pbl., og kan settast av i plankartet som teknisk infrastruktur etter pbl. § 11-7 nr. 2.

NVE ynskjer dykk lukke til med planarbeidet. Ta gjerne kontakt på e-post eller telefon ved konkrete spørsmål om NVE sine saksområde. Vi rår dykk elles til å nytte våre internettsider for arealplanlegging. Her er informasjonen og rettleiinga lagt opp etter plannivå, <https://www.nve.no/arealplanlegging/>.

Med helsing

Øyvind Leirset
seksjonssjef

Astrid Flatøy
seniorrådgivar

Dokumentet sendes utan underskrift. Det er godkjent etter interne rutinar



Godkjent av Peer Sommer-Erichson
Seniorrådgiver

Mottakarliste:

Midt Telemark Kommune

Kopimottakarliste:

STATSFORVALTEREN I VESTFOLD OG TELEMAR
Vestfold og Telemark fylkeskommune